

Likevel ikkje gongbane førebels

15.09.2011



Trafikksituasjonen blir ikkje betre her med det første (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Utbyggingsprosjektet til Kvinnherad Vekst mellom fylkesvegen og Endregård har utløyst fleire andre , som kloakkledning frå nybygget og leidningen nede langs stranda.
Den vil til dømes utløyse kloakkerig for fleire langs vegen og ellers i området.
Men det blir ikkje gong- og sykkelenbane i denne omgongen.**

Ivar Kåre Døssland i kommunen opplyser at kloakkgrøfta skal gjennomførast som tilbodsarbeid og det vil i nær framtid bli bestemt kven som får jobben.

Dei heitte i utlysinga at det skal gravast 200 meter grøft for spillvatn og overvatn i sentrum.

Planen var at leidningen skulle leggjast i gongvegen som skulle opparbeidast ved sida av vegen frå busslomma og ned mot stranda.

Leiinga i Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA) har opplyst at dei har venta på at kommunen skal komma vidare med sin del av arbeidet. Det vil altså no skje, men i mindre grad enn meininger var.

- Dette er svært beklagelig, vi regna med å anlegge gongbane oppå grøfta når vi først var i gong. Det ville ha vore ein praktisk og naturleg løysing. Men for stutt tid sidan kom det beskjed frå administrasjonen om at vi likevel ikkje har råd til eit så stort prosjekt i denne omgangen. Heldivis er dei 3 metrane som skal til sikra, seier Døssland, som trur dei må stengja vegen under grøftearbeidet. Difor må det truleg skje i haustferien.

Av Ola Matti Mathisen



Her er det trøng for både gang- og sykkelbane (Foto. Ola Matti Mathisen)